



DET KONGELEGE BARNE-
OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

Prop. 62 L

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i folketrygdlova og krisesenterlova (fordeling av foreldrepengar ved samlivsbrot med meir)

*Tilråding frå Barne- og likestillingsdepartementet 17. februar 2017,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Barne- og likestillingsdepartementet legg med dette fram forslag til endringar i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdlova), for å styrke fedrar sine moglegheiter til å ta ut fedrekvoten og vere saman med barnet etter eit samlivsbrot.

Dersom ein av foreldra er aleine om omsorga for barnet etter eit samlivsbrot, har han eller ho i dag rett til å overta den attverande delen av stønadsperioden etter § 14-15 i folketrygdlova. Foreldra kan likevel avtale ei anna deling, men dette går ikkje tydeleg fram av lova i dag.

Departementet fremmar forslag om å endre lova og tydeleggjere at foreldra kan avtale å dele foreldrepengane. Føremålet er å leggje til rette for eit likestilt foreldreskap og ein god dialog mellom foreldre som ikkje bur saman, om korleis foreldrepermisjonen kan takast ut til beste for barnet. Det er som oftast best for barnet å ha kontakt med begge foreldra og at foreldra samarbeider.

Dersom foreldra ikkje blir samde om fordeling av foreldrepengane, kan den som har omsorga for barnet på kvardagane krevje uttak av foreldrepengar for desse dagane. Ein føresetnad er at alle vilkåra for å krevje uttak av foreldrepengar er oppfylte. Den som er aleine om omsorga for

barnet, kan fortsatt overta den attverande delen av foreldrepermisjonen.

Departementet foreslår i tillegg å gjere endringar i lov av 19. juni 2009 nr. 44 om kommunale krisesentertilbod (krisesenterlova). Endringa er av teknisk karakter. Endringa medfører at politiattesten også skal vise om vedkommande har vore sikta, tiltalt, har vedteke førelegg eller er dømd for brot etter lov av 20. mai 2005 nr. 28 om straff.

2 Bakgrunn

2.1 Bakgrunnen for lovforslaget

Foreldrepermisjonen er i dag delt i tre: Mor og far har ein del kvar, som i utgangspunktet ikkje kan overførast til den andre forelderen (mødrekvote og fedrekvote). I tillegg er det ein del som kan fordelast fritt mellom foreldra (fellesdelen).

Dersom ein av foreldra er «alene om omsorgen» for barnet etter eit samlivsbrot, har han eller ho i dag rett til å overta den attverande delen av foreldrepermisjonen etter § 14-15 i folketrygdlova.

Dersom barnet bur hos mor etter eit samlivsbrot, er ho «alene om omsorgen» for barnet etter folketrygdlova, sjølv om far har samværsrett med

barnet. Mor vil i slike tilfelle ha rett til å overta fedrekvoten, jamvel om far har fått innvilga fedrekvote før samlivsbrotet og fortsatt ynskjer å ta ut kvoten. Foreldra kan likevel avtale ei anna fordeling, men dette går ikkje fram tydeleg av lova i dag.

Foreldrepermisjon kan takast ut inntil barnet er tre år. Statistikk viser at dei fleste barn under tre år bur hos mor etter eit samlivsbrot. I praksis medfører dette at mor får rett til å overta fedrekvoten etter eit samlivsbrot.

Den som er aleine om omsorga for barnet, og som ynskjer å overta den attverande stønadspærioden, skal sende ein søknad om dette til Nav. Arbeids- og velferdsdirektoratet opplyser om at når Nav skal vurdere om ein av foreldra er aleine om omsorga, legg dei mellom anna til grunn opplysningar om barnet sin bustad i folkeregisteret. Direktoratet opplyser om at Nav som oftast ikkje ber den andre forelderen om å uttale seg om saka før det vert fatta eit vedtak.

I Noreg fødest om lag 60 000 barn kvart år. Ifølgje Arbeids- og velferdsdirektoratet endra om lag 200 mødrer som fekk foreldrepengar i 2014, status til «aleineomsorg». Direktoratet går ut frå at endringane av status i dei fleste tilfelle skuldast samlivsbrot. Av dei 200 sakene var det om lag 20 fedrar som tok ut foreldrepengar i 2013/2014.

2.2 Høyringa

Forslag om endring i folketrygdlova blei lagt ut på nettsidene til regjeringa 26. mai 2016 slik at ho var allmenn tilgjengeleg. Ved ein feil blei ikkje forslaget på same tid sendt til høyringsinstansane. Forslaget blei sendt til høyringsinstansane 8. august 2016, med frist for å gje høyringsfråsegn 20. september 2016.

Høyringsnotatet blei sendt til desse høyringsinstansane:

Departementa
Arbeids- og velferdsdirektoratet
Arbeidstilsynet
Barneombodet
Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet
Helsedirektoratet
Kriminalomsorgsdirektoratet
Likestillings- og diskrimineringsombodet

Aleneforeldreforeningen
Akademikerne
Arbeidsforskningsinstituttet
Arbeidsgiverforeningen Spekter
Bedriftsforbundet

Den Norske Jordmorforeningen
Fafo – Institutt for arbeidslivs- og velferdsforskning
Finans Norge
Foreningen 2 Foreldre
Foreningen for Fangers Pårørende
Foreningen for Kvinne- og kjønnsforskning i Norge
Forum for menn og omsorg
Hovedorganisasjonen Virke
JURK – Juridisk rådgivning for kvinner
Juss-Buss
Jussformidlingen
Jusshjelpa i Nord-Norge
KUN – Senter for kunnskap og likestilling
Kvinnefronten
Kvinnegruppen Ottar
KS – Kommunesektorens organisasjon
Landsforeningen for lesbiske, homofile, bifile og transpersoner
LO – Landsorganisasjonen i Norge
MiRA ressursenter for kvinner med minoritetsbakgrunn
NHO – Næringslivets Hovedorganisasjon
Nasjonal Kompetansetjeneste for Amming
NITO – Norges Ingeniør- og teknologorganisasjon
Norges Kvinne- og familieforbund
Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring
Norsk Kvinnesaksforeining
Reform – Ressurssenter for menn
Senter for likestilling
Stiftelsen Kirkens familievern
UNIO – Hovedorganisasjonen for universitets- og høyskoleutdannede
YS – Yrkesorganisasjonenes sentralforbund

Departementet fekk 26 høyringssvar. Av desse hadde 18 høyringsinstansar merknader:

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet
Barneombodet
Tønsberg tingrett

Aleneforeningen
Arbeidsgiverforeningen Spekter
Foreningen 2 Foreldre
For Fangers Pårørende
Jussformidlingen i Bergen
Likestillingssenteret
Norsk kvinnesaksforening
Norges kvinne- og familieforbund
Norsk psykologforening
Reform – ressursenter for menn

I tillegg har fire privatpersonar gitt merknader.

Desse høyringsinstansane har meldt frå at dei ikkje har merknader:

Arbeids- og sosialdepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet
Kunnskapsdepartementet
Klima- og miljødepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Samferdselsdepartementet
Utanriksdepartementet

Landsorganisasjonen i Norge

Punkt 5 i proposisjonen handsamar innspela nærare.

3 Gjeldande rett

3.1 Foreldrepengar når mor eller far er aleine om omsorga

Folketrygdlova § 14-15 regulerer korleis foreldrepermisjonen skal fordelast dersom ein av foreldra er aleine om omsorga for barnet frå fødselen eller omsorgsovertakinga, eller blir aleine om omsorga i løpet av stønadsperioden. Etter denne føresegna har den som er aleine om omsorga for barnet etter eit samlivsbrot rett til å overta den attverande delen av stønadsperioden.

«Alene om omsorgen» vil seie at foreldra ikkje bur saman, at mor eller far er einsleg adoptant eller at ein av foreldra er død, jf. Ot.prp. nr. 12 (2005–2006), jf. Ot.prp. nr. 104 (2008–2009). Det går fram av Nav sitt rundskriv at føresegna også omfattar tilfelle der ein av foreldra overtek omsorga for barnet med sikte på å overta foreldreansvaret aleine etter kapittel 5 i barnelova.

Dersom barnet bur halve tida hos far og halve tida hos mor etter eit samlivsbrot, er ingen av dei «alene om omsorgen» for barnet, og føresegna kjem derfor ikkje til bruk.

Dersom barnet bur fast hos mor etter eit samlivsbrot, er ho «alene om omsorgen» for barnet, sjølv om far har samværsrett. Mora vil derfor ha rett til å overta den attverande delen av stønadsperioden etter folketrygdlova § 14-15. Foreldra kan likevel avtale at far kan ta ut foreldrepengar etter eit samlivsbrot, dersom vilkåra i folketrygdlova er oppfylte. Dette føreset mellom anna at faren ikkje er i arbeid og at han har omsorg for barnet i den aktuelle perioden, jf. folketrygdlova § 14-10 fjerde

og femte ledd. Samvær på laurdag og søndag gir ikkje rett til uttak av foreldrepengar, jf. folketrygdlova § 14-7 fjerde ledd. Dersom far skal ta ut permisjon frå fellesdelen, er det også eit krav om at mor er i aktivitet, jf. folketrygdlova § 14-13.

3.2 Tilhøvet til reglane om samværsrett i barnelova

Folketrygdlova viser kva vilkår som må vere oppfylte for at foreldra skal ha rett til foreldrepengar. Retten til samvær vert regulert av barnelova. Folketrygdlova kan ikkje brukast som rettsleg grunnlag for å krevje samvær, dersom det ikkje er avtalt eller fastsett ut frå reglane i barnelova.

Barnelova § 43 slår fast at den av foreldra som barnet ikkje bur saman med, har rett til samvær med barnet om ikkje anna er avtalt eller fastsett. Begge foreldra har ansvar for at samværsretten blir oppfylt. Etter barnelova skal foreldra sjølv avtale omfanget av samværsretten, på bakgrunn av kva dei meiner er best for barnet. Foreldra skal mellom anna leggje vekt på at barnet oppnår best mogleg samla foreldrekontakt, kor gammalt barnet er, i kva grad barnet er knytt til nærmiljøet og reiseavstanden mellom foreldra og omsynet til barnet elles, jf. barnelova § 43 andre ledd. Dersom foreldra ikkje klarar å bli samde om kvar barnet skal bu fast eller om samværet, kan dei be domstolane om å avgjere spørsmålet, jf. barnelova § 56.

Eit vilkår for å ha rett til foreldrepengar etter folketrygdlova er at mottakaren har den faktiske omsorga for barnet, jf. folketrygdlova § 14-10 fjerde ledd. Dette kjem sjeldan på spissen når foreldra bur saman. Men etter eit samlivsbrot vil retten til samvær med barnet, og retten til utbetaling av foreldrepengar, henge saman. Dersom far ikkje har rett til samvær med barnet i denne perioden, vil han heller ikkje ha rett til foreldrepengar. For at ei samværsordning skal gje far rett til uttak av foreldrepengar, må vilkåra i folketrygdlova kapittel 14 vere oppfylte. Dette inneber mellom anna at far etter samværsordninga må ha omsorga for barnet på kvardagane, dei dagane han tek ut foreldrepengar, sjå punkt 3.1.

Dersom foreldra ikkje blir samde om omfanget av samværet, kan dei be om mekling ved familievernkontora, eller eventuelt be domstolane om å avgjere spørsmålet. Retten kan etter krav frå ein part komme med ei førebels avgjerd som kan gjelde for ei viss tid eller fram til saka er endelig avgjort, jf. barnelova § 60.

4 Høyringsforslaget

I høyringsnotatet foreslo Barne- og likestillingsdepartementet at foreldra avtaler korleis dei attverande foreldrepengane skal fordelast ved eit samlivsbrot.

Ved usemje om fordelinga foreslo departementet at ei avgjerd om samværsrett frå domstolane kan brukast som grunnlag til å krevje uttak av foreldrepengar etter folketrygdlova § 14-15. Dette føreset at alle vilkåra for å krevje foreldrepengar er oppfylte.

Dersom foreldra ikkje blir samde om korleis dei skal dele den attverande stønadsperioden, og det ikkje finst ei avgjerd om samvær frå domstolane, foreslo departementet at den som er «alene om omsorgen» for barnet fortsatt skal kunne overta den attverande stønadsperioden.

5 Innspel frå høyringsinstansane

Arbeids- og sosialdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Kunnskapsdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Landsorganisasjonen i Norge, Samferdselsdepartementet og Utanriksdepartementet har ingen merknader til forslaget.

Aleneforeldreforeningen, Arbeidsgiverforeningen Spekter, Foreningen 2 Foreldre, Jussformidlingen, Likestillingssenteret, Norsk kvinnesaksforening, Norsk psykologforening, Norges kvinne- og familieforbund, og Reform – ressursenter for menn støttar lovforslaget. Fleire av høyringsinstansane grunnjev dette med at forslaget vil fremje eit likestilt foreldreskap og eit betre samarbeid mellom foreldra, noko som vil vere til beste for barnet og foreldra.

Barneombudet meiner forslaget gjer avtalefridommen foreldra har i dag tydelegare, og har elles ingen merknader.

Arbeids- og velferdsdirektoratet meiner forslaget i liten grad endrar dagens føresegnar og praktiseringa av desse, og at forslaget er lite effektiviserande. Direktoratet viser til at viss far kan dokumentera at han har eller skal ha omsorga for barnet, kan han også i dag krevje foreldrepengar dersom vilkåra elles er oppfylte. Direktoratet meiner det er uheldig at ei avgjerd om samvær frå domstolane kan brukast som grunnlag for å krevje fedrekvote. Dei viser til at det er vanskeleg for Nav å ta stilling til innhaldet i ei avgjerd frå domstolane eller ei avtale mellom foreldra om samvær. Direktoratet er bekymra over at lovforslaget vil føre til meirarbeid for Nav. Direktoratet understre-

kar at ei avgjerd om samværsrett ikkje kan brukast som grunnlag for å krevje fedrekvote utan at alle vilkåra i kapittel 14 er oppfylte.

Tønsberg tingrett går ut frå at i ei sak der fordeling av foreldrepengar er aktuelt, som ikkje vert løyst mellom partane, vil forslaget gje foreldra ei ekstra oppmoding til å krevje førebels avgjerd om samvær. Tingretten går likevel ut frå at dette vil gjelde få saker, slik at ei eventuell meirbelastning for domstolane vil vere lita.

Justis- og beredskapsdepartementet meiner det bør vurderast å presisere i lova at det er ein føresetnad for å kunne bruke ei avgjerd frå domstolane som grunnlag for å krevje uttak av fedrekvoten, at samværsretten er av eit slikt omfang at forelderen har den faktiske omsorga for barnet.

6 Vurderingar og forslag frå departementet

6.1 Endringar i folketrygdlova

6.1.1 Foreldra avtalar korleis permisjonen skal fordelast

Departementet foreslår å endre lova for å tydeleggjere at foreldra kan avtale å dele foreldrepengane ved eit samlivsbrot, slik at fedrar i større grad får moglegheit til å ta ut fedrekvote og vere saman med barnet. Føremålet med lovforslaget er å leggje til rette for eit likestilt foreldreskap og god dialog mellom foreldra om korleis foreldrepengane kan takast ut til beste for barnet etter eit samlivsbrot. Det er som oftast best for barnet å ha kontakt med begge foreldra og at foreldra samarbeider. Forslaget vil også vere i samsvar med systemet i barnelova om at foreldra avtaler samværsretten.

Avtalefridom sikrar familiane valfridom til å finne den løysinga som passer best for dei. Det kan til dømes vere best for barnet at far tek ut fedrekvoten gradert, at far er saman med barnet på dagtid, eller når barnet er eldre og mor ikkje ammar lenger. Familievernkontora kan hjelpe foreldra under den obligatoriske meklinga til å bli samde om korleis den attverande delen av foreldrepermisjonen kan fordelast, der det vert lagt vekt på kva som er best for det enkelte barnet.

Ein føresetnad for at foreldra skal kunne avtale fordeling av stønadsperioden, er at alle vilkåra for å få foreldrepengar etter kapittel 14 er oppfylte. Mellom anna kan mottakaren av foreldrepengane ikkje vere i arbeid og må ha omsorga for barnet i den aktuelle perioden, jf. folketrygdlova § 14-10 fjerde og femte ledd. Dersom far skal ta ut

foreldrepengar frå fellesdelen, er det også eit krav om at mor er i aktivitet, jf. folketrygdlova § 14-13. Foreldre som aldri har budd saman har også fri-dom til å avtale korleis stønadsperioden skal fordelast, dersom vilkåra elles er oppfylte.

Departementet foreslår at føresegna omhandlar tilfelle der foreldra har budd saman, og det har oppstått eit samlivsbrot. Det vert presisert at også foreldre som aldri har budd saman kan avtale korleis foreldrepengane skal verta fordelt, viss vilkåra i folketrygdlova er oppfylte.

6.1.2 Ved usemje om fordelinga

Dersom foreldra ikkje blir samde om fordelinga av foreldrepengane, går departementet ut frå at dette i mange tilfelle skuldast usemje om omfanget av samværsordninga. Det er viktig å understreke at Nav fattar avgjerd om foreldrepengar på bakgrunn av kven som på det aktuelle tidspunktet har den faktiske omsorga for barnet. Nav skal ikkje ta stilling til ei konflikt mellom foreldra om samværsrett. Usemje mellom foreldra om samvær må løysast ved foreldresamtalar ved familievernkontoret, mekling eller eventuelt ved domstolane. Departementet foreslår ingen endringar i føresegnene om samværsrett i barnelova.

Departementet foreslo i høyringsnotatet at ei avgjerd om samværsrett frå domstolane kan brukast som grunnlag til å krevje uttak av foreldrepengar etter folketrygdlova § 14-15.

Arbeids- og velferdsdirektoratet meiner dette forslaget er uheldig, fordi det er vanskeleg for Nav å ta stilling til innhaldet i ei avgjerd frå domstolane og at det kan føre til meirarbeid for Nav, sjå punkt 5. Direktoratet viser til at foreldra også i dag kan krevje uttak av foreldrepengar dersom dei kan dokumentera at dei har omsorga for barnet.

Departementet foreslår på denne bakgrunn, og for å få ein meir einskapleg ordbruk i folketrygdlova, å endre føresegna slik at den forelderen som har «omsorgen for barnet på hverdagene» kan krevje uttak av foreldrepengar dersom vilkåra i kapittel 14 er oppfylte. Forslaget vil gje fedrar større høve til å leggje fram dokumentasjon på at dei faktisk har samvær med barnet som kan gje dei rett til uttak av foreldrepengar, samanlikna med forslaget som blei sendt på høyring. Endringa inneber at det ikkje berre er ei avgjerd om samværsrett frå domstolane som kan gje rett til uttak av foreldrepengar. Også ein avtale om samvær mellom foreldra, eller faktiske tilhøve, kan etter denne føresegna brukast som grunnlag for å krevje uttak av foreldrepengar dersom dei andre vilkåra er oppfylte. Det er foreldra som må

synleggjere at vilkåra for å ta ut foreldrepengar er oppfylte.

For å gjere føresegna lettare å forstå for brukaren, står det at omsorga for barnet må vere «på hverdagene». Foreldrepengar vert ytt for alle dagar i veka, unntatt laurdag og søndag, jf. folketrygdlova § 14-7 fjerde ledd. Å ha omsorga for barnet på laurdag og søndag gir derfor ikkje rett til uttak av foreldrepengar. Samvær med barnet på ein heilag- eller høgtidsdag, som ikkje er på ein laurdag eller søndag, gir rett til uttak av foreldrepengar. Ein far som har samvær med barnet frå måndag til onsdag, vil kunne krevje uttak av foreldrepengar for desse dagane. Dette gjeld såframt dei andre føresegnene i kapittel 14 er oppfylte. Dette inneber mellom anna at mottakaren av foreldrepengar ikkje er i arbeid, med mindre gradert uttak er tillate, jf. folketrygdlova § 14-10 femte ledd og § 14-16. Dersom far skal ta ut permisjon frå fellesdelen, er det også eit krav om at mor er i aktivitet, jf. folketrygdlova § 14-13.

Departementet meiner forslaget kan styrke fedrar sine moglegheiter til å ta ut fedrekvoten etter eit samlivsbrot. Departementet legg til grunn at dette vil gjelde få tilfelle kvart år, og at meirarbeidet for Nav derfor ikkje vil vere vesentleg. Når Nav skal ta stilling til kven som har omsorga for barnet på kvardagane, kan dei mellom anna leggje til grunn ei avtale om samvær mellom foreldra, faktiske tilhøve eller ei avgjerd frå domstolane. Det er foreldra som må dokumentere at vilkåra er oppfylte.

Dersom den eine forelderen etter samlivsbrotet er «alene om omsorgen» for barnet, kan denne fortsatt overta den attverande delen av stønadsperioden. Føremålet med foreldrepengane er å sikre god omsorg for barnet. Dersom foreldra ikkje blir samde om korleis dei skal dele stønadsperioden, er det viktig å sikre ein stabil og trygg omsorgssituasjon for barnet. Etter departementet si vurdering vil det i desse tilfella vere til det beste for barnet at den barnet bur saman med, og som har omsorga for barnet, overtek den attverande delen av stønadsperioden.

Departementet legg etter dette avgjerande vekt på at forslaget vil styrke fedrar sine moglegheiter til å ta ut fedrekvoten etter eit samlivsbrot og leggje til rette for ein god dialog mellom foreldra, noko som har fått klar støtte frå dei fleste høyringsinstansane.

Departementet opprettheld difor innhaldet i lovforslaget, og viser til omtale av behov for lovendring i punkt 2. På bakgrunn av innspel frå høyringsinstansane foreslår departementet nokre lovtekniske endringar for å gjere føresegna klårare.

7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget om å endre føresegnene i folketrygdlova om fordeling av foreldrepengar ved samlivsbrot vil ikkje føre til at det vil bli tatt ut fleire veker foreldrepermisjon samla sett. Forslaget kan føre til at fleire fedrar tek ut fedrekvoten etter eit samlivsbrot, i staden for at mor tek ut desse vekene. Ein eventuell meirkostnad er knytt til at fedrar i gjennomsnitt har eit høgare inntektsgrunnlag enn mødrer.

Arbeids- og velferdsetaten har vurdert dei økonomiske konsekvensane av forslaget. Direktoratet trur lovendringa kan føre til at mellom 30 og 60 fleire fedrar vil ta ut fedrekvote kvart år. På grunn av det lave talet på saker der den foreslåtte lovendringa får effekt, meiner direktoratet at meirkostnaden vil vere ubetydeleg.

Sidan forslaget gjeld svært få saker, meiner departementet at forslaget ikkje vil ha vesentlege administrative konsekvensar. Eventuelle auka administrative kostnader frå forslaget vert dekkja innanfor gjeldande budsjetttrammer.

Forslaget om å endre krisesenterlova er av teknisk karakter, og inneber ikkje vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

8 Merknader til forslaget

Endring i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd

Til § 14-15

I overskrifta til føresegna leggjast orda «og samlivsbrudd» til. Dette gjerast for å klargjere at eit samlivsbrot ikkje treng å bety at ein forelder er aleine om omsorga for barnet. I dei fleste tilfelle vil foreldra samarbeide om omsorga for barnet etter eit samlivsbrot.

Første ledd vil fortsatt gjelde tilfelle der ein av foreldra er eller blir aleine om omsorga for barnet. Dette kan til dømes vere der mor eller far er einsleg adoptant, eller ein av foreldra er død. Det vil også omfatte tilfelle der den eine forelderen ikkje ynskjer å ta del i omsorga for barnet, eller overtek foreldreansvaret etter barnelova. For å klargjere at aleineomsorg også kan oppstå i løpet av stønadsperioden, tek ein inn orda «eller blir». Orda «rett til» å ta ut foreldrepengar endrast til

«kan» ta ut, for å gjere føresegna kortare og lik andre føresegner i kapitlet. Ein tek også inn orda «for barnet» for å gjere ordlyden lik resten av føresegna.

Andre ledd er ny, og gjeld der foreldra flyttar frå kvarandre på grunn av eit samlivsbrot. Før lovendringa blei desse tilfella omfatta av første ledd. *Andre ledd første setning* fastset at foreldre som flyttar frå kvarandre på grunn av eit samlivsbrot, kan avtale korleis den attverande delen av stønadsperioden skal fordelast. Foreldra har også tidlegare hatt avtalefridom, men dette har ikkje komme tydeleg fram i lova. Ein føresetnad for at foreldra skal kunne avtale fordeling av stønadsperioden, er at alle vilkåra for å få foreldrepengar etter kapittel 14 er oppfylt, sjå 6.1.1.

Andre ledd andre setning gjeld tilfelle der foreldra ikkje blir samde om korleis stønadsperioden skal takast ut etter samlivsbrotet. Ved slike tilhøve kan kvar av foreldra krevje uttak av foreldrepengar for dei kvardagane dei har omsorga for barnet, dersom dei andre vilkåra i kapittel 14 er oppfylte, sjå 6.1.2. Foreldrepengar vert utbetalt for alle dagar i veka, unntatt laurdag og søndag, jf. folketrygdlova § 14-7 fjerde ledd. Å ha omsorga for barnet på laurdag og søndag gir derfor ikkje rett til uttak av foreldrepengar.

Andre ledd tredje setning viser til første ledd i føresegna. Dette inneber at viss ein av foreldra er «alene om omsorgen» for barnet etter samlivsbrotet, får han eller ho rett til å overta den attverande delen av permisjonen. Dersom barnet skal bu halve tida hos far og halve tida hos mor, er ingen av foreldra «alene om omsorgen», og føresegna kjem difor ikkje til bruk.

Endring i lov 19. juni 2009 nr. 44 om kommunale krisesentertilbod

Til § 7

Bakgrunnen for endringa i krisesenterlova er at dagens § 7 ikkje viser til føresegner i straffelova av 20. mai 2005 nr. 28, som kom i kraft 1. oktober 2015. Føresegna viser også til strafferegistreringslova, som vart oppheva 1. juli 2014. Føresegna samsvarar då heller ikkje med lov om behandling av opplysninger i politiet og påtalemakta (politiregisterlova) av 28. mai 2010 nr. 16 § 39. Departementet foreslår difor å erstatte oppramsinga i krisesenterlova med ei tilvising til politiregisterlova § 39 første ledd.

Barne- og likestillingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i folketrygdlova og krisesenterlova (fordeling av foreldrepengar ved samlivsbrot med meir).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i folketrygdlova og krisesenterlova (fordeling av foreldrepengar ved samlivsbrot med meir) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i folketrygdlova og krisesenterlova (fordeling av foreldrepengar ved samlivsbrudd med meir)

I

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd blir det gjort følgjande endringar:

§ 14-15 skal lyde:

§ 14-15 *Uttak der mor eller far er alene om omsorgen for barnet og ved samlivsbrudd*

Hvis en av foreldrene er *eller blir* alene om omsorgen *for barnet*, kan han eller hun ta ut foreldrepengar i den gjenværende delen av stønadsperioden.

Ved et samlivsbrudd kan foreldrene avtale hvordan den gjenværende delen av stønadsperioden skal fordeles. Dersom foreldrene ikke blir enige, kan hver av dem kreve uttak av foreldrepengar for de hverdagens de har omsorgen for barnet, dersom de øvrige vilkårene for dette er oppfylt. For øvrig gjelder første ledd.

II

I lov 19. juni 2009 nr. 44 om kommunale krisesentertilbud blir det gjort følgjande endringar:

§ 7 skal lyde:

§ 7 *Politiattest*

Den som blir tilsett eller får tildelt oppgåver som inneber kontakt med brukarar av eit krisesenter eller tilsvarende bu- og dagtilbod, skal leggje fram *politiattest som nemnt i politiregisterloven § 39 første ledd. Attesten skal ikkje vere eldre enn tre månader.*

Departementet kan gje nærare forskrift om krav til politiattest.

III

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset. Kongen kan setje i verk dei einskilte føresegnene til ulik tid.